

Innbyggjarmedverknad

15.12.2017

Av: Haldis Lauksund

Publisert: 02.03.2017

Oppdatert: 03.03.2017

Innbyggjarmedverknad

Korleis skal me ta vare på og utvikla nærmiljøa slik at folk som bur her trives og har gode liv? No kan du seie di meining om kva som er viktig for deg.

Våren 2016 fekk folk i Sagvåg-Litlabø gje innspel til kommunedelplan for bydelen. No er det resten av kommunen sin tur.

I dei komande vekene vil deltakarar i prosjektet «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse» stå på stand ulike stadar og invitere folk til å gje innspel til ny kommuneplan.

Det er synspunkt på gode møteplassar og triveleg nærmiljø som har fokus. Innspela vil bli samla i ein innspelsrapport som inngår som grunnlag for kommuneplanarbeidet.

Her kan du gje innspel:

Du kan gje innspel elektronisk her: [skjema for innspel](#) eller [Facebook](#). Du kan òg møta deltakarar i prosjektet og gje innspel her:

Stad	Dato	Kl
Spar Haga	Tysdag 14. mars	10 - 18
Spar Ådland	Torsdag 9. mars	09 - 19
Rema Bjelland	Torsdag 16. mars	09 - 21
Rema Heiane	Fredag 17. mars	09 - 19
Kiwi Studalen	Fredag 24. mars	09 - 19
Karjolen kafé	Torsdag 16. mars	09 - 12
Hystadmarka tursti	Søndag 19. mars	11 - 14
Ådlandsvatnet turveg	Søndag 23. april	10 - 14
Landåsen turveg (vabakkjen)	Søndag 26. mars	11 - 15
Skjerpåsen, gapahuk	Søndag 19. mars	11 - 15
Torget, Leirvik	Laurdag 6. mai	10 - 14

Skal planarbeidet vera i tråd med folk sine behov er det naudsamt at så mange som mogleg fortel kva dei trur er viktig for eigen trivnad og for andre.

Involverer barn og unge

Kommunane Stord, Bømlo, Askøy, og Fjell deltek saman med Hordaland fylkeskommune i det nasjonale treårige prosjektet om nærmiljø og folkehelse. Prosjektet er initiert av Helsedirektoratet og har som mål å utvikle gode metodar for å få fram lokal kunnskap mellom anna gjennom involvering av innbyggjarane.

I tillegg til innspel frå folk flest, har prosjektet fokus på å involvere barn og unge. Fleire barnehagar og skular vil ha aktivitetar der barna/elevene får fremja sine syn på nærmiljøet. Følgjande barnehagar og skular deltek:

Barnehagar: Sæ, Vilvettene, Olderdalen, Trodlaugan, Furuly, Sævarhagen

Skular: Leirvik, Hystad, Langeland, Nordbygdo, Stord vgs.